

## KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/14/07

av 5. mars 2004

**om endring av vedtak 2003/467/EF med omsyn til godkjenninga av visse provinsar i Italia som frie for bovin brucellose og enzootisk bovin leukose(\*)***[meldt under nummeret K(2004) 666]*

(2004/230/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet<sup>(1)</sup>, særleg vedlegg A avsnitt I nr. 4 og vedlegg A avsnitt II nr. 7, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Listene over regionar i medlemsstatane som er godkjende som frie for bovin tuberkulose og bovin brucellose, er førde opp i kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose<sup>(2)</sup>.
- 2) Italia har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til provinsen Grosseto i regionen Toscana, slik at denne provinsen kan verte godkjend som offisielt fri for tuberkulose hjå storfebuskarar.
- 3) Italia har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta med omsyn til provinsane Arezzo, Grosseto, Livorno, Lucca og Pisa i regionen Toscana, slik at desse provinsane kan verte godkjende som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar.

- 4) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Italia har lagt fram, bør provinsen Grosseto i regionen Toscana godkjennast som offisielt fri for bovin tuberkulose, og provinsane Arezzo, Grosseto, Livorno, Lucca og Pisa i regionen Toscana godkjennast som offisielt frie for bovin brucellose.
- 5) Vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 5. mars 2004.

*For Kommissjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommissjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 70 av 9.3.2004, s. 41, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 26/2005 av 11. mars 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 38 av 28.7.2005, s. 3

<sup>(1)</sup> TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 21/2004 (TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8).

<sup>(2)</sup> TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74. Vedtaket endra ved vedtak 2004/63/EF (TEU L 13 av 20.1.2004, s. 32).

*VEDLEGG*

I vedlegg I og II til vedtak 2003/467/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I vedlegg I skal kapittel 2 lyde:

**«KAPITTEL 2****Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

*I Italia:*

- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Lecco og Sondrio
- Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno
- Regionen Toscana: provinsen Grossetto
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento»

2. I vedlegg II skal kapittel 2 lyde:

**«KAPITTEL 2****Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

*I Italia:*

- Regionen Emilia-Romagna: provinsane Bologna, Ferrara, Forli-Cesena, Modena, Parma, Piacenza, Ravenna, Reggio Emilia og Rimini
- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Como, Cremona, Lecco, Lodi, Mantova, Pavia, Sondrio og Varese
- Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno
- Regionen Sardinia: provinsane Cagliari, Nuoro, Oristano og Sassari
- Regionen Toscana: provinsane Arezzo, Grossetto, Livorno, Lucca og Pisa
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano og Trento

*I Portugal:*

- Den autonome regionen Azorene: øyene Pico, Graciosa, Flores og Corvo

*I Det sameinte kongeriket:*

- Storbritannia: England, Skottland og Wales»
-